

**Spelar som ein engel og hunddjevel**

10.05.2011

**Deb Girnius spelar som ein engel og ein hunddjevel, sa kollega Unni Wilhelmsen til Aftenposten om ho som fredag og laurdag skal opptre på Systrene Nilsen.**

**Drivar Morten er glad for å ha sikra seg ein artist av så høg klasse. Deb har ei svært sterk merittliste bak seg.**

Ho er fødd i USA og vaks opp i ein liten prærieby i Kansas. I 1994 flytta ho til landet vårt og vart straks med i ein viseklubb i Smuget der ho etablerte seg som ein del av miljøet. Sidan har ho turnert landet rundt og vorte ein av dei mest etterspurde trubadurane våre.

Ho har delteke i mange skandinaviske plateproduksjonar og turnert som vokalist, gitarist og fløytist. Ho har som ein forstår også vore i duo saman med Unni Wilhelmsen.

Vi hugsar henne og frå tv, mellom anna i Beat for beat. Ho har også vore tekstkonsulent for fleire av våre beste.

UNDER DET SKJER I USKEDALEN FINN DU DET SOM SKJER  
OGSÅ PÅ SYSTRENE NILSEN

Av Ola Matti Mathisen